



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 14.04.2026

Vår ref.: 200704246-49 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om forlengd byggefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet i Kvinnherad kommune, Vestland fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 29.03.2023, om forlengd byggefrist for overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak av bekkar i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane.

Bakgrunn

Statkraft fekk ved kongeleg resolusjon av 30.03.2012 konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 8 til overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet. Tiltaket er eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt) som skal bidra til auka regulerbar kraftproduksjon i Maurangerreguleringa. På grunn av høge utbyggingskostnader og låge kraftprisforventningar blei ikkje prosjektet realisert innan opphavleg frist. Byggefristen vart difor forlenga i 2017, til 30.03.2022 (NVE ref. 200704246-45).

I mai 2022 sendte Statkraft søknad til NVE om konsesjon til å bygga Mauranger 2 kraftverk (NVE ref. 202211253-1). Søknaden omfattar eit større O/U-prosjekt der overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet inngår som ein del av prosjektet, men tre bekkeinntak i Kvitnadalen, og eitt bekkeinntak i Botnane, vil då bli utelatne. Vatn frå bekkefeltet i Kvitnadalen vil i staden bli pumpa opp frå Midtre Kvitnadalsvatnet på ein ny tilløpstunnel. NVE har vurdert konsesjonssøknaden og tilrådd at det blir gjeve konsesjon til Mauranger 2, og har samstundes behandla revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraga. Begge sakene er sende som innstillingar til Energidepartementet i brev av 18.12.2025 (NVE ref. 202211253-72 og 202016892-60). Departementet skal sluttbehandle og treffe vedtak i desse sakene.

Kva blir det søkt om?

Dersom Mauranger 2 ikkje får konsesjon, vil Statkraft vurdere overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet som eit sjølvstendig tiltak. Statkraft søker difor om ei ytterlegare forlenging av byggefristen for denne konsesjonen frå 2012. Dei ber om at byggefristen blir forlenga til 30.03.2030, slik at det er tilstrekkeleg tid til å avklare konsesjonsspørsmålet om Mauranger 2.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Energidepartementet skal sluttbehandle både konsesjonssøknaden om Mauranger 2 og revisjonssaka for Maurangervassdragene, og NVE meiner at spørsmålet om forlengd byggefrist bør vurderast i samanheng med utfallet i desse sakene. NVE vil difor oversende vår vurdering av søknaden om forlengd byggefrist som ei innstilling til Energidepartementet.

Søknaden om forlengd byggefrist for overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet blir no send på høyring med høyringsfrist **26.05.2026**. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/4165/V.

Kva ynskjer me fråsegn om?

NVE skal vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengast. NVE ynskjer difor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan NVE sitt vedtak om forlengd byggefrist i 2017. Me ynskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli påverka av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Me ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for fleire utgreiingar.

NVE minner om at denne saka gjeld søknad om forlengd byggefrist, og at me primært ynskjer synspunkt som er relevante for dette spørsmålet.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/4165/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200704246 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200704246 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **26.05.2026**.

Fråsegna eller delar av fråsegna vil bli referert i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølve å skrive ein kortfatta konklusjon eller eit samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hanne Tjoflot

førstekonsulent



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

KVINNHHERAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
STATKRAFT ENERGI AS - Anders Korvald